

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 09.12.2014

Vår ref.: 200904131-12, 200904537-8, 201000541-6,
201001868-8, 201003018-14, 201208040-7, 201208042-
7, 201208164-11, 201208167-11, 201208196-7,
201208197-7, 201208316-4 ksk/ khen, eibj, biwi, bjro

Arkiv: 312
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Kaja Henny Engebrigtsen

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å byggje tolv småkraftverk i Rauma og Nesset kommunar i Møre og Romsdal fylke – høyring

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 12 småkraftverk i Rauma og Nesset kommuner. Søknadane skal bli handsama samtidig og samla belastning for området skal bli vurdert. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakane samla.

Rauma kommune (9 søknadar):

Tverrberget- og Saufonn kraftverk – Tafjord Kraftproduksjon AS

Tverrberget- og Saufonn kraftverk er planlagt med felles kraftstasjon, men med åtskilde inntak og vassvegar. Tverrberget kraftverk vil nytte eit fall på 631 m frå inntaket på 856 moh. ned til kraftstasjonen på 225 moh. Vassvegen frå inntaket er planlagt som bora tunnel på 725 m. Frå påhogget vil eit 1400 m langt tilløpsrøyr bli nedgraven i heile si lengd på sørsida av elva Glutra ned til kraftstasjonen. Saufonn kraftverk vil nytte eit fall på 570 m frå inntaket på 795 moh. ned til kraftstasjonen på 225 moh. Vassvegen frå inntaket er planlagt som bora tunnel på 1075 m. Frå påhogget vil eit 1200 m langt tilløpsrøyr bli nedgraven i heile si lengd på vestsida av Saufonnelva ned til kraftstasjonen. Dei nedre 300 m er ei felles grøft for baa kraftverka. Det må byggast ny permanent veg og bru for tilkomst til kraftstasjonen med 100 m. Middelvassføringa er 554 l/s i Glutra og 533 l/s i Saufonnelva. Maksimal slukeevne blir på respektive 1100 og 1160 l/s. Kraftverka vil ha ein installert effekt på 2 x 4,99 MW, med ein estimert årsproduksjon på høvesvis 16,1 og 15,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2,1 km lang elvestrekning i Glutra og på ei 2,3 km lang elvestrekning i Saufonnelva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 200 l/s sommar og ikkje slepp av minstevassføring resten av året i Glutra. I Saufonnelva er søkt om slepp av ei minstevassføring på 116 l/s frå 1.juni – 31.august, og ikkje slepp av minstevassføring resten av året.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Morgådalselva kraftverk – NK Småkraft AS

Morgådalselva kraftverk vil nytte eit fall på 360 m frå inntaket på 445 moh. til kraftstasjonen på 83 moh. Tilløpsrøret blir 1700 m langt, og er planlagt nedgrave i heile si lengd på austsida av Morgådalselva. Det er planlagt ny permanent veg fram til inntaket i eller ved røyrkata og 500 m ny permanent veg for tilkomst til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 470 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1200 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,6 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 9,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1700 m lang elvestrekning i Morgådalselva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 160 l/s om sommaren (01.05 til 30.09) og 30 l/s resten av året.

Loftdalselva kraftverk – NK Småkraft AS

Loftdalselva kraftverk vil nytte eit fall på 220 m frå inntaket på 415 moh. til kraftstasjonen på 193 moh. Tilløpsrøret blir 1300 m langt, og er planlagt nedgrave langs austsida av Loftdalselva i øvre del og på vestsida i nedre del. Elvekryssinga skjer i øvre del av prosjekstrekningen. Det må byggast ny permanent veg for tilkomst fram til kraftstasjonen og vidare opp til vassinntaket på 1500 m. Middelvassføringa er 1210 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,5 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 14 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1300 m lang elvestrekning i Loftdalselva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 420 l/s om sommaren (01.05 til 30.09) og 70 l/s resten av året.

Høgseterelva kraftverk og Rabbelva kraftverk – NK Småkraft AS

Høgseterelva- og Rabbelva kraftverk er planlagt med felles kraftstasjon, men med åtskilte inntak og vassvegar. Høgseterelva kraftverk vil nytte eit fall på 420 m frå inntaket på 555 moh. til kraftstasjonen på 133 moh. Tilløpsrøret blir 1800 m langt, og er planlagt nedgrave i heile si lengd på austsida av Høgseterelva. Rabbelva kraftverk vil nytte eit fall på 280 m frå inntaket på 415 moh. til kraftstasjonen på 133 moh. Tilløpsrøret blir 1850 m langt, og er planlagt nedgrave i heile si lengd langs nordsida av Rabbelva i øvre del og på sørsida i nedre del. Elvekryssinga skjer i øvre del av prosjekstrekningen. Det må byggast ny permanent veg frå kraftstasjon fram til begge vassinntak på til saman 4 km, fordelt omtrent likt. Middelvassføringa er 320 l/s i Høgseterelva og 680 l/s i Rabbelva. Maksimal slukeevne blir på respektive 800 og 1700 l/s. Kraftverka vil ha ein installert effekt på 2,8 og 4 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på høvesvis 7,1 og 10 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1700 m lang elvestrekning i Høgseterelva og ei 2000 m lang elvestrekning i Rabbelva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 110 l/s om sommaren (01.05 til 30.09) og 20 l/s resten av året i Høgseterelva. I Rabbelva er det søkt om slepp av ei minstevassføring på 240 l/s om sommaren (01.05 til 30.09) og 40 l/s resten av året.

Skorgeelva kraftverk – Småkraft AS

Skorgeelva kraftverk vil nytte eit fall på 190 m frå inntaket på 215 moh. til kraftstasjonen på 25 moh. Vassvegen blir 2100 m lang og er planlagt som nedgraven røyrkata på vestsida av Skorgeelva i øvre del og bora sjakt på østsida i nedre del. Elvekryssinga vil skje i nedre del av vassvegen. Det må byggast ny permanent veg for tilkomst til kraftstasjonen på 100 m og ny permanent veg på 70 m til inntaket. Middelvassføringa er 2,1 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 4,2 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 6,49 MW, med ein estimert årsproduksjon på 18 GWh.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2,2 km lang elvestrekning i Skorgeelva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 550 l/s om sommaren (1.5 til 30.9), og 160 l/s resten av året.

Stokkelva kraftverk – Blåfall AS

Stokkelva kraftverk vil nytte avrenning frå tre ulike nedslagsfelt med eit samla areal på 4,83 km². Hovudinntaket er planlagt på 520 moh. i Stokkelva med overføringar frå to bekkeinntak sør for hovudinntaket. Båe bekkeinntak ligg på 525 moh. Overføringane skjer med eit 280 m langt nedgrave røyr. Kraftverket vil nytte eit fall på 515 m frå hovudinntaket på 520 moh. til kraftstasjonen på 5 moh. Vassvegen frå hovudinntaket er planlagt som ein 2,1 km lang nedgrave tilløpsrøyr i heile si lengd på nordsida av Stokkelva. Det må byggast ei 500 m førebels anleggsveg opp til inntaket frå eksisterande veg på nordsida av elva. Kraftverket vil bli liggjande på østsida rett at med E136. Middelvassføringa for heile feltet er på 260 l/s, der overføringane utgjer om lag 100 l/s. Kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 780 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,3 MW, med ein estimert årsproduksjon på 6,2 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2,1 km lang elvestrekning i Stokkelva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 68 l/s om sommaren (1.5 til 30.9), og 22 l/s resten av året. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring frå dei to overføringsbekkane.

Smøråa kraftverk – Blåfall AS

Smøråa kraftverk vil nytte eit fall på 375 m frå det vifteforma inntaket på 395 moh. til kraftstasjonen på 20 moh. Inntaket tek inn vatnet frå seks småbekkar som naturleg samlast på 250 moh. Vassvegen blir 1470 m lang og er planlagt nedgraven på vestsida av Smøråa. Det må byggast ny permanent veg til inntaket på 700 m frå eksisterande veg. Middelvassføringa er 332 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 830 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,57 MW, med ein estimert årsproduksjon på 6,6 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1,6 km lang elvestrekning i Stokkelva. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring i Smøråa på 35 l/s heile året.

Neset kommune (3 søknadar):

Strandelva kraftverk – Clemens Elvekraft AS

Strandelva kraftverk vil nytte eit fall på 678 m frå inntaket på 688 moh. til kraftstasjonen på 10 moh. Vassvegen frå hovudinntaket er planlagt som bora tunnel på 1235 m. Frå påhogget vil eit 185 m langt tilløpsrøyr bli nedgraven i heile si lengd på sørsida av Strandelva ned til kraftstasjonen. Det må byggast ein kort permanent veg på 20 m til kraftstasjonen frå eksisterande veg. Middelvassføringa er 423 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 900 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW, med ein estimert årsproduksjon på 13,3 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1,4 km lang elvestrekning i Strandelva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 86 l/s om sommaren (1.5 til 30.9), og 17 l/s resten av året.

Kvidalselva kraftverk – Clemens Elvekraft AS

Kvidalselva kraftverk vil nytte eit fall på 145 m frå inntaket på 308 moh. til kraftstasjonen på 163 moh. Tilløpsrøyrret blir 950 m langt, og er planlagt nedgrave langs austsida av Kvidalselva i øvre del og på vestsida i nedre del. Elvekryssinga skjer ved eksisterande bru på ca. kote 200. Det må byggast ein ny permanent veg for tilkomst til inntaksdam frå eksisterande veg med 70 m. Ned til kraftstasjon utbetrast eksisterande veg. Middelvassføringa er 855 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 2 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,3 MW, med ein estimert årsproduksjon på 6,42 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 850 m lang elvestrekning i Kvidalselva. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 65 l/s heile året.

Skorga kraftverk – Norges Småkraftverk AS

Skorga kraftverk vil nytte eit fall på 320 m frå inntaket på 325 moh. til kraftstasjonen på 5 moh. Tilløpsrører blir 2155 m langt, og er planlagt nedgrave langs vestsida av Skorga. Det må byggast ein ny permanent veg på 140 m frå eksisterande veg opp til inntaket. Kraftverket blir liggjande rett nord for Riksveg 660. Middelvassføringa i Skorga er 550 l/s. Kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1100 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,0 MW, med ein estimert årsproduksjon på 10 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 2,2 km lang elvestrekning i Skorga. Det er planlagt slepp av ei minstevassføring på 32 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og dei blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknadane, kan de kontakte tiltakshavar for kvart enkelt prosjekt. Sjå eigen liste over søknadane med kontaktinformasjon side 7. Om noe er uklårt ta kontakt med NVE v/Kaja H. Engebrigtsen på tlf. 09575 eller e-post: khen@nve.no.

Det vil bli arrangert **folkemøte tysdag 3.2.2015 kl. 18.00 i kommunestyresalen i Rådhuset på Åndalsnes**. Der vil NVE informere om saksgangen, og tiltakshavarane vil gjera greie for sine prosjekt. Det vil bli anledning til å stille spørsmål til NVE og tiltakshavarane. Møtet er open for alle som er interessert.

NVE ber kommunane om å leggje to eksemplarar av søknadane ut til offentleg ettersyn på Servicetorget i Rauma kommune og Kommunehuset i Nesset kommune fram til **20.3.2015**. Det eine eksemplaret hos kommunen kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden. Nesset kommune blir òg beden om å leggje eit eksemplar på butikkane Eresfjord Coop og Vistdal Coop. Eksemplara på Coopbutikkane kan, om naudsynt, berre lånast ut 1 dag.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **20.3.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette. Vi minner om at alle fråsegn vert offentleg tilgjengelige.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Kaja Henny Engebrigtsen
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

Blåfall AS v/André Aune Bjerke
Blåfall AS v/Åsmund Ellingsen
Clemens Kraft AS v/Ole Wormdal
Clemens Kraft AS v/Sigmund Jarnang
Clemens Kraft AS v/Svein Mygland
Direktoratet for Mineralforv. med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Istad Nett AS v/Tor Rolv Time
Kystverket Midt-Norge
Mattilsynet, Distriktskontoret Bergen og Omland
Miljødirektoratet
Molde og Romsdals Turistforening
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nasjonalparkstyret for Dovrefjell-Sunndalsfjella
Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Nesset kommune
Nesset Kraft AS
NHO Reiseliv
Norges Jeger og Fiskerforbund, Avd. Møre og Romsdal
Norges Miljøvernforbund
Norges Padleforbund
Norges Småkraftverk AS v/David Inge Tveito
Norsk Kraft AS v/Bård Moberg
Norsk Ornitologisk Forening
Norsk Ornitologisk Forening avd. Møre og Romsdal
Rauma Energi AS
Rauma kommune
Småkraft AS v/Martin Vangdal
Statens vegvesen - Region midt
Statnett SF
Sunndal fjellstyre
Tafjord Kraftproduksjon AS v/Lars Jarle Ramstad
Tafjord Kraftproduksjon AS v/Per Kåre Skudal
WWF Norge AS